

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 04.11.2016

Vår ref.: 201506813-4

Arkiv: 313 / 035.1Z

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Bård Andreas Selstad Ottesen

22959528 / baso@nve.no

Fister Smolt AS - søknad om endring av reguleringsregime for Hetlandsvatnet i Hjelmeland kommune, Rogaland - høyring

NVE har motteke ein søknad frå Fister Smolt AS, datert 14.01.2016, om løyve til å endre reguleringsregime for Hetlandsvatnet i Hjelmeland kommune.

Fister Smolt AS har i dag løyve til å heve vasstanden i Hetlandsvatnet med 30 cm til HRV kote 46,4 i perioden 01.12 til 01.01. Hetlandsvatnet kan i dag seinkast med 30 cm til LRV kote 45,8 heile året.

Fister Smolt AS søker om å endre reguleringsregime for Hetlandsvatnet til å gjelde heile året. Det vert søkt om å oppretthalde ei regulering på 0,6 m heile året, mellom LRV kote 45,8 og HRV kote 46,4 (0,3 m ned og 0,3 m opp i forhold til normalvasstand). Dagens konsesjonsvilkår for vassuttak og minstevassføring i Fisteråna vert oppretthalde. Det vil ikkje bli gjennomført nye tekniske inngrep i vassdraget.

Søknaden skal behandlast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Dersom de ønskjer papirutgåve av søknaden, kan de kontakte Lars Andre Frønsdal på tlf. 97035666 eller e-post: lars@fistersmolt.no.

Vi ber Hjelmeland kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på Kundesenteret i kommunehuset fram til **16.12.2016**. Det eine eksemplaret kan, om nødvendig, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagt informasjonsark som forklarar saksbehandlinga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at uttalar vert sendt oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som råd og seinast innan **16.12.2016**. I tillegg kan ein sende uttalar per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Uttalen eller delar av uttalen vil bli referert i eit endeleg vedtak. Om uttalen er lang, er det difor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Bård Andreas Selstad Ottesen
seniorrådgiver

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Søknader til kommunen, 3 stk.
 Kunngjeringstekst
 Informasjonsark

Mottakerliste:

Fiskeridirektoratet Region Sør
Forum for natur og friluftsliv Rogaland
Fylkesmannen i Rogaland
Hetlandsvatnet Grunneigarlag v/Olaus Meltveit
Hjelmeland Jakt og Fiskelag
Hjelmeland kommune
Mattilsynet Region Sør og Vest
Naturvernforbundet i Rogaland
Norges Jeger- og Fiskerforbund Rogaland
Norges Miljøvernforbund
Rogaland fylkeskommune

Kopi til:

Fister Smolt AS